



Aurland kommune
-det naturlege valet



Kommunereforma

Folkemøte 27.januar 2016

Noralv Distad
Ordfører



Føremålet med kommunereforma

- utvikla funksjonelle og levedyktige lokalsamfunn
- yta gode og effektive tenester til innbyggjarane
- gje innbyggjarane gode vilkår for demokratisk deltaking
- sikra rettstryggleiken til innbyggjarane

Kommunereforma legg til rette for

- større kommunar
- fleire oppgåver til kommunane



Aurland kommune
-det naturlege valet



Viktige mål

- gode og likeverdige tenester
- heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- berekraftige og robuste kommunar
- styrka lokaldemokrati



Aurland kommune
-det naturlege valet



Framdrift i reformarbeidet

- kommunane skal gjera vedtak seinast i juni 2016
- det ligg føre tre utgreiingar som omfattar Aurland: Sogn kommune, Voss – Vik – Aurland, Aurland som eigen kommune
- Aurland kommunestyre vedtek 4. februar den vidare prosessen fram mot juni 2016
- Fylkesmannen skal vurdera vedtaka i kommunane



Aurland kommune
-det naturlege valet



Telemarkforskning - analyse og vurderingar

- grunnlag for samanslåing i Sogn, frå 9 til 3 eller færre i samsvar med bu- og arbeidsområde
- grunnlag for samanslåing Voss – Vik – Aurland aktuelt og framtidsretta
- å halda fram som eigen kommune krev interkommunalt samarbeid og kjøp av tenester



Aurland kommune
-det naturlege valet



Aurland dannar eige bu- og arbeidsområde

- over 80 prosent av arbeidsplassane er bemanna med innbyggjarar frå Aurland
- lang køyretid til større sentra som Voss og Sogndal
- køyretida til Voss og Sogndal kan verta korta inn med vegutbetringar og bru Fodnes – Mannheller





Aurland kommune
-det naturlege valet



Aurland er ein besøkskommune

- næring knytt til reiseliv er størst i privat sektor
- reiseliv er ei konkurranseutsett næring
- utvikling i andre bransjar skjer og er nødvendig
- folketalsnedgang over tid, svak vekst dei siste åra
- vekstpotensiale





Aurland kommune
-det naturlege valet



Kommunesamanslåing vil ikkje påverka retten til villreinjakt og rypejakt

- kommunegrensene gjeldande pr. 1956 avgjer kven som er innanbygds buande
- annleis for jakt på anna storvilt enn rein





Aurland kommune
-det naturlege valet



Fordelar og ulemper ved å halda fram som eigen kommune

- liten og effektiv eller liten og sårbar
- stor og robust , stor og raus eller stor og sentraliserande





Aurland kommune
-det naturlege valet



Kan ikkje gøyma oss vekk frå kommunereforma

- kommunereforma vert gjennomført med fleire og meir spesialiserte oppgåver til kommunane
- alle kommunar skal syta for at alle kommunale oppgåver vert løyste





Kommunen som samfunnsutviklar

- Aurland har gode inntekter og kan arbeida aktivt med samfunnsutvikling; næring, planlegging, arealbruk, beredskap og miljø
- har oppgåver og ansvar langt utover det noverande innbyggjartal tilseier
- rollen som samfunnsutviklar må få høgare prioritet enn i dag
- binding til drift kan svekka overordna oppgåver
- i ein større kommune kan ein ha meir og betre kompetanse og sjå utfordringar i ein større samanheng
- interkommunalt samarbeid er krevjande med tanke på å oppnå konsensus, lettare i ein samanslegen kommune



Aurland kommune
-det naturlege valet



Kommunale tenester

- Aurland leverer gode tenester i dag
- det er krevjande å handtera aukande krav til kompetanse og kvalitet
- Aurland er avhengig av interkommunalt samarbeid
- tenester samla i ein større kommune kan vera lettare å administrera og styra enn i interkommunale samarbeid
- små einingar er sårbare
- Aurland kan effektivisera tenestene
- ei større eining kan frigjera ressursar i administrasjon og overføra dei til tenester



Økonomi

- Aurland har god økonomi
- i ei kommunesamanslåing vil verdiar verta overførte frå noverande Aurland til ny kommune
- endringar i inntektssystem vil, så langt det er kjent, ikkje påverka Aurland negativt
- i større kommune vert konsesjonskraftinntekter overført frå fylkeskommunen til ny kommune
- Aurland kan missa mulegheit til å motta statlege midlar
- omfattande interkommunalt samarbeid og kjøp av tenester kan bli kostnadskrevjande
- ein større kommune kan få ein sterkare samla økonomi på grunn av innsparingar i administrasjon, inndelingstilskot og konsesjonskraftinntekter (frå fylkeskommune til ny kommune)



Demokrati

- Aurland har brei politisk deltaking og god representativitet
- i større kommune kan innbyggjarane i Aurland få redusert innverknad
- aukande interkommunalt samarbeid er ei demokratisk utfordring, med større avstand til innbyggjarane



Aurland kommune
-det naturlege valet



Tida er inne for å gjera eit klokt val

- kva er Aurland sine innbyggjarar mest tent med ?
- kva ambisjonar har me for Aurland ?
- er det vilje til gjera endringar, i noverande kommune ?
- noko talar for samanslåing: større kommunar driv meir effektivt, ser oppgåver i større samanheng, får eit breiare fagmiljø og kan ta på seg større oppgåver, reduserer interkommunalt samarbeid
- noko som talar for Aurland som eigen kommune: lange avstandar til større sentra, "ufrivilleg liten", økonomi til å løysa oppgåver på ein god måte, lokaldemokrati og lokaltilpassa samfunnsutvikling





Aurland kommune
-det naturlege valet



Det vansklege valet

- eit større samarbeid – i same retning til gagn for alle
- eit samarbeid mellom store og små, kva vil den største?
- oppnår mest ved å stå på eigne bein





FOLKERØYSTING

Aktuelle alternativ for røysting:

1. JA Aurland kommune slår seg saman med kommunar i Sogn til Sogn kommune
2. JA Aurland kommune slår seg saman med Voss og Vik
3. NEI Aurland kommune slår seg ikkje saman med andre kommunar
(alternativ formulering 1. og 2. : JA Aurland kommune forhandlar med
.....med føremål samanslåing til.....)

Kven kan røysta ?

- Røysterettsalder 18 eller 16?
- Folkeregisterførte pr. 1. mars?

Tidspunkt ?

- Dato samanfallande med folkerøystingar i andre kommunar



Aurland kommune
-det naturlege valet



Ønskjer innspel på følgjande

- **kva avgjerdsgrunnlag treng innbyggjarane til folkerøystinga?**